



Saksbehandlar: Einar Ulla, Sekretariat for kontrollutvala  
Sak nr.: 19/4185-1

## Kontrollutvalet sin uttale til årsrekneskapen 2018

### Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gje slik tilråding:

1. Kontrollutvalet vedtek uttale til årsrekneskapen 2018 for Sogn og Fjordane fylkeskommune slik den ligg føre.

### **Vedlegg:**

- Kontrollutvalet sin uttale til Sogn og Fjordane fylkeskommune sin årsrekneskap 2018
- Rekneskap 2018 for Sogn og Fjordane fylkeskommune
- Årsrapport 2018 for Sogn og Fjordane fylkeskommune
- Revisjonsmelding 2018 fra SF revisjon IKS

## **SAKSFRAMSTILLING**

### **1. Bakgrunn for saka**

Kontrollutvalet skal, etter kommunelova § 77 nr. 4, sjå til at rekneskapen vert revidert på ein forsvarleg måte.

Kontrollutvalet skal, i samsvar med forskrift om kontrollutval §7, gje uttale om årsrekneskapen.

Uttalen skal sendast til fylkestinget, me d kopi til fylkesutvalet. Uttalen skal vere fylkesutvalet i hende tidsnok til at fylkesutvalet kan ta omsyn til den før fylkesutvalet handsamar saka om årsrekneskapen.

Sogn og Fjordane Fylkeskommune har lagt opp til at årsrekneskapen og årsrapporten skal handsamast i fylkesutvalet den 29. mai 2019 og i fylkestinget den 4. juni 2019

### **2. Vurderingar og konsekvensar**

Kontrollutvalet sin uttale til årsrekneskapen for Sogn og Fjordane fylkeskommune er basert på årsrekneskapen 2018, årsrapport 2018 frå fylkesrådmannen, revisor si revisjonsmelding i tillegg til revisor sine orienteringar til kontrollutvalet om revisjon av rekneskapen. Lön- og rekneskapssjef i tillegg til revisor har vore tilgjengelege for kontrollutvalet sitt sekretariat med informasjon om rekneskapen.

#### Netto driftsresultat

Netto driftsresultat var i 2018 på kr. 195 961 952, mot kr. 334 187 438 i 2017. Netto driftsresultat i 2018 var på 5,9% i forhold til driftsinntektene mot 10,5% året før. Teknisk berekningsutval for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) tilrår at ein over tid bør ha netto resultatgrad på 4,0 %. over tid for at fylkeskommunen skal ha økonomisk handlingsrom og

kunne avsetje til investeringar, tiltak som kjem utanom planane og ivareta formuesbevaringsprinsippet i kommunelova.

Rekneskapen viser eit rekneskapsmessig mindreforbruk (overskot) på kr 56 505 741 mot kr. 44 695 025 året før.

### Gjeld

Det går fram av årsrapporten til fylkesrådmannen at langsiktig gjeld, etter ein sterk vekst fram til 2013, har vore stabil på +/- 2,3 mrd. Kroner, og at den ved utgangen av 2018 var på 2,35 mrd. kroner. Langsiktig gjeld var ved utgangen av 2018 på 70,9% av brutto driftsinntekter mot 71,7% i 2017. Gjennomsnittet for landet utanom Oslo er 81,7% ifølgje SSB.

### Revisjon

Kontrollutvalet har eit ansvar for å sjå til at rekneskapen blir revidert på ein forsvarleg måte. Dette er knytt til fleire forhold:

- At revisjonen skjer i samsvar med lover, reglar og god kommunal revisionsskikk
- At revisor er uavhengig og oppfyller kvalifikasjonskrav
- At revisjonen følgjer eventuelle avtaler som revisor og kontrollutvalet har inngått

Revisor har informert kontrollutvalet om revisjonen av rekneskapen. Kontrollutvalet har fått informasjon om revisjonsplan og framdrift i revisjonen, der revisor si orientering har peikt på viktigheita av å følgje lover, reglar og god kommunal revisionsskikk. Revisor presenterte plan for revisjonsarbeidet i kontrollutvalsmøte 25. september 2018, og status pr. 25. april viser at revisor har gjennomført dei handlingar som er presentert i planen.

Revisor vil gå gjennom revisjonsprosessen i kontrollutvalsmøtet 6. mai.

Kontrollutvalet har motteke uavhengigkeitserklæring frå revisor. Uavhengigkeitserklæringa handsama utvalet i KU-sak 56/18, der revisor si uavhengigkeit til fylkeskommunen vart stadfesta.

Revisor har følgt opp dei avtaler som er gjort med kontrollutvalet i samband med revisjon av rekneskapen.

### Revisjonsmeldinga (Melding frå uavhengig revisor)

Revisor skriv i revisjonsmeldinga at årsrekneskapen viser kr. 2 274 800 559,- til fordeling drift og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr. 56 505 741,-.

Revisor skriv at revisjonen er gjennomført i samsvar med lov, forskrift og god communal revisionsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale standardane (ISA-ane), og etter revisor si oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og føremålstenleg som grunnlag for konklusjonane i revisjonsmeldinga.

I revisjonsmeldinga uttaler SF revisjon mellom anna at:

- Årsrekneskapen, med unntak av verknad av forholdet som er omtalt i avsnittet «Grunnlag for konklusjon med etterhald» er gitt i samsvar med lov og forskrifter og gir i det alt vesentlege ein dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Sogn og Fjordane fylkeskommune per 31.desember 2018 og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoен i samsvar med lov, forskrift og god communal rekneskapskikk i Noreg.
- grunnlaget for konklusjon med etterhald:
  - *Med visning til rekneskapsskjema 2A og økonomisk oversikt- investering er det avsett kr. 370 623 477,- til disposisjonsfond i investeringsrekneskapen. Av dette hører kr. 366 314 538,- til dei avsluttande overføringane av verdiar knytt til avviklinga av selskapet F1 Holding AS som var 100% eigd av fylkeskommunen. Etter vår mening ligg det ikkje føre budsjettvedtak for ein slik finansiering som dermed er i strid med retningslinjene i forskrift om årsbudsjett §15 tredje ledd, som seier at endring av årsbudsjett ikkje kan utførast etter utløpet av budsjettåret. Følgjeleg ville investeringsrekneskapen vore gjort opp med eit udisponert beløp på kr. 366 314 538,-.*
- basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den omtalt ovanfor, meiner vi, med unntak av verknad av forhold som er omtalt i avsnittet «Grunnlag for konklusjon med

etterhald», at dei disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen i det alt vesentlege er i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløpa i årsrekneskapen stemmer med regulert budsjett.

- basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er i samsvar med lov og forskrifter.
- leiinga har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversikteleg registrering og dokumentasjon av fylkeskommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

#### Revisorbrev 5-2018

På bakgrunn av det som kom fram i revisorbrev 05-2018 frå SF-revisjon IKS vart det tilrådd at kontrollutvalet skulle be fylkesrådmannen kome i møte i kontrollutvalet 25.09.2018 for å gjera greie for kva som er/vil verta gjort i høve desse forbetringspunkta.

I protokollen etter kontrollutvalsmøtet 25. september 2018:

*Løn- og rekneskapssjef orienterte om tiltak i høve forbetringssområda i revisorbrev 5-2018. Ein vil mellom anna opprette ein VPS-konto slik at ein får dokumentert ekstern stadfesting slik det er peika på i revisorbrevet.*

*Etiske retningsliner vil kome på plass i årsrapporten for 2018.*

*Revisor hadde ikkje kommentarar til orienteringa. Kontrollutvalet tok orienteringar til vitande.*

#### Årsrapport 2018

Fylkesrådmann har lagt fram ein god årsrapport, som gjev ei god skildring av drifta av fylkeskommunen i 2018. Årsrapporten frå administrasjonen skal utformast i tråd med Kommuneloven § 48 nr. 5, som lyder:

*«I årsberetningen skal det gis opplysninger om forhold som er viktige for å bedømme kommunens eller fylkeskommunens økonomiske stilling og resultatet av virksomheten, som ikke fremgår av årsregnskapet, samt om andre forhold av vesentlig betydning for kommunen eller fylkeskommunen. Det skal også redegjøres for tiltak som er iverksatt og tiltak som planlegges iverksatt for å sikre betryggende kontroll og en høy etisk standard i virksomheten. Det skal redegjøres for den faktiske tilstanden når det gjelder likestilling i fylkeskommunen eller kommunen. Det skal også redegjøres for tiltak som er iverksatt, og tiltak som planlegges iverksatt for å fremme likestilling og for å hindre forskjellsbehandling i strid med likestillings- og diskrimineringsloven, samt for å fremme formålene i likestillings- og diskrimineringsloven når det gjelder etnisitet, religion, livssyn, funksjonsnedsettelse, seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk.»*

Sekretariatet har merka seg at «å sikre betryggende kontroll (internkontroll)», «etikk» «likestilling» og «diskriminering» er omtala på ein god måte i årsmeldinga for 2018.

I kontrollutvalet sin uttale i fjar var det peikt på at etikk i liten grad var omtalt i årsrapporten for 2017. I årsrapporten for 2018 er dette omtalt på ein betre måte.

### **3. Konklusjon**

Kontrollsjefen har utarbeidd ein uttale til årsrekneskapen, som kontrollutvalet får til handsaming. Kontrollutvalet gjev i sin tur uttale til fylkestinget. Fylkesutvalet får kopi av uttalen frå kontrollutvalet før fylkesutvalet skal handsame rekneskapssaka.